

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 12.04.2012  
**Tidspunkt:** 14:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	LEDER	
Gunnvor A. Sunde	MEDL	
Karen Marie Hjelmeseter	MEDL	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sven Flo	NESTL	

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Oddmund Klakegg	Sven Flo	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar/sekretær

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

Leiar

vald medlem

Vald medlem

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/12	Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til motorisert ferdsle til hytte ved Femtevatnet for reparasjon av hytte		2012/1703

### ST 3/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 12.04.2012

##### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### ST 4/12 Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til motorisert ferdsle til hytte ved Femtevatnet for reparasjon av hytte

#### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 12.04.2012

Arbeidsutvalet hadde nokre tilleggsvilkår som er innarbeida i det endelege vedtaket.

##### Vedtak

Med heimel i forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § IV punkt 4.3 gir arbeidsutvalet (AU) til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Gro Østby på vegner av Kirsten Bjørnarheim for motorisert transport av material til hytta ved Femtevatnet.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

- **anten** inntil fire turar inn til hytta ved Femtevatnet med snøscooter i løpet av april månad 2012. Ruta går frå Grøning og inn langs Haukedalsvassdraget.
- **eller** ein tur med helikopter for flyging inn og landing ved hytta i løpet av april månad 2012.
- Sunnfjord villreinutval v/ Jan Ove Flaten må kontaktast for å få avklaring om villreinflokken er på vestsida av Grovabreen. Dersom villreinflokken vert uroa, spesielt dersom kalvinga er i gang, vil transporten måtte utsettast.
- Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/ Anne Rudsengen (tlf 95963888) eller nasjonalparkforvaltaren (lft 93664256) må kontaktast helst dagen før køyring/flyging.

Løyvet vert også gitt på vilkår at det vert gitt skriftleg rapport om rute, dato og transportmetode til nasjonalparkforvaltaren i ettertid, og seinast 1. juni. Motorferdsla skal gå føre seg på ein måte som minimerar uro for dyr og friluftsliv, og skal haldast på eit absolutt minimum.

Vi gjer merksam på at søkjar må ha løyve til motorisert ferdsle frå dei aktuelle grunneigarane, samt få løyve etter lov om motorferdsle frå Førde kommune.